

1 Styrking av politiet i distriktet

2 Senterungdom stiller seg bak Justis- og beredskapsminister Emilie Enger Mehl si
3 vurdering om å styrke dei geografiske einingane i politiet i lågt bemanna distrikt. I
4 framlegget til statsbudsjettet ligg det inne å omprioriterer 184,4 millionar kroner
5 innanfor budsjetttramma for å styrke lokale polititenester.

6 Høgre-regjeringa si Nærpolitireform har ført til eit meir sentralisert politi. I evalueringa
7 av nærpolitireforma, statusrapport for 2020, kjem det fram at politiet har blitt mindre
8 synleg i distrikta (DFØ, 2021) og forskar Rune Glomseth ved Politihøgskolen
9 konkluderer med at nærpolitireforma har ført til eit meir sentralisert politi (Stranden,
10 2020). Det er mange politistasjonsdistrikt i heile Noreg som kjenner same historia, og
11 endå fleire menneskjer som har måtte kjenne konsekvensane av Nærpolitireforma til
12 Solberg-regjeringa på kroppen. Menneskjer som har stått sårbare og åleine i
13 situasjonar då dei treng politihjelp, frivillige brannmenn som har måtte utføre
14 politioppgåver fordi politiet er for langt unna, menneskjer som har latt vere å ringje
15 politiet for at dei har mista trua på at det vil dukke opp nokon. Konsekvensane av eit
16 meir sentralisert politi er det dei som er busett i distrikta som må bæra. Det er den
17 sitjande regjeringa som må ta oppvasken av og betale rekninga for
18 «Fjærnpolitireform».

19 Senterungdommen ynskjer å vere tydelege om at me meiner tryggleiken til
20 ungdommen på bygda er like viktig som elles i landet. Difor krev me at ein må sikre
21 at midlane når ut i lågt bemanna distrikt, og ikkje stoppar opp i sentrum av
22 politidistrikta og me støttar framlegget til statsbudsjettet for 2023 som tar sikte på å
23 auke politiet sitt lokale nærvær gjennom å opne nye tenestestader, styrke dei
24 eksisterande med ressursar, bemanning og oppgåver.

25 *Innsendt av Hordaland Senterungdom*

26

27

28

29 DFØ - Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. (2021, april). *Evaluering av*
30 *nærpolitireformen* (2021:1). Henta frå:

31 [https://dfo.no/filer/Fagomr%C3%A5der/Rapporter/2021/DFO-rapport-2021-1-](https://dfo.no/filer/Fagomr%C3%A5der/Rapporter/2021/DFO-rapport-2021-1-Evaluering-av-naerpolitireformen_statusrapport-2020.pdf)
32 [Evaluering-av-naerpolitireformen_statusrapport-2020.pdf](https://dfo.no/filer/Fagomr%C3%A5der/Rapporter/2021/DFO-rapport-2021-1-Evaluering-av-naerpolitireformen_statusrapport-2020.pdf)

33

34 Stranden, A. L. (2020, 22. juni). Nærpoliti-reformen ga et mer sentralisert politi.
35 Forskning. Henta frå: [https://forskning.no/politi/naerpolitireformen-ga-et-mer-](https://forskning.no/politi/naerpolitireformen-ga-et-mer-sentralisert-politi/1698329)
36 [sentralisert-politi/1698329](https://forskning.no/politi/naerpolitireformen-ga-et-mer-sentralisert-politi/1698329)